

KOMMISJONSVEDTAK**av 19. juli 1999****om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til kopieringspapir(*)***[meldt under nummeret K(1999) 2144]***(1999/554/EF)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR –

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 880/92 av 23. mars 1992 om en fellesskapsordning for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Etter artikkel 5 nr. 1 første leddet i forordning (EØF) nr. 880/92 skal vilkåra for tildeling av fellesskapsmiljømerket fastsetjast for kvar produktgruppe.
- 2) I artikkel 10 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 880/92 er det fastsett at den innverknaden som eit produkt har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde kriteria for produktgruppene.
- 3) Kommisjonen fastsette ved vedtak 96/467/EF⁽²⁾ miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til kopieringspapir som etter artikkel 3 i vedtaket slutta å gjelde 16. juli 1999.
- 4) Definisjonen av produktgruppa og dei miljøkriteria som vart fastsette ved vedtak 96/467/EF, bør reviderast, slik at det vert teke omsyn til marknadsutviklinga.
- 5) Det bør gjerast eit nytt vedtak der det vert fastsett særskilde miljøkriterium for denne produktgruppa som skal gjelde i eit nytt tidsrom på tre år rekna frå det tidspunktet då dei førre kriteria slutta å gjelde.

6) I samsvar med artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 880/92 har Kommisjonen rådspurt dei viktigaste interessegruppene i eit samrådsforum.

7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 7 i forordning (EØF) nr. 880/92 –

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Produktgruppa «kopieringspapir» (heretter kalla «produktgruppa») vert definert på følgjande måte:

«Ark eller rullar av papir utan trykk i ulike format som vert nytta til kopiering og i telefaksapparat og edb-skrivarar. Produktgruppa omfattar ikkje varmfølsamt papir og gjennomslagspapir.»

Artikkel 2

Den innverknaden som den produktgruppa som er definert i artikkel 1, har på miljøet, skal vurderast ut frå dei særskilde miljøkriteria som er førde opp i vedlegget.

Artikkel 3

Definisjonen av og kriteria for produktgruppa skal gjelde frå 17. juli 1999 til 1. juli 2002. Dersom det 1. juli 2002 ikkje er gjort noko nytt vedtak om fastsetjing av miljøkriteria for denne produktgruppa, skal dette vedtaket gjelde anten inntil 1. juli 2003 eller inntil den dagen då det nye vedtaket vert vedteke, alt etter kva tidspunkt som kjem først.

(*) Denne fellesskapsrettsakta, kunngjord i TEF L 210 av 10.8.1999, s. 16, er nemnd i avgjerd i EØS-komiteen nr. 14/2000 av 28. januar 2000 om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø), sjå denne utgåva av EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa.

(1) TEF L 99 av 11.4.1992, s. 1.

(2) TEF L 192 av 2.8.1996, s. 29.

Artikkel 4

For administrative føremål vert produktgruppa tildelt kodennummeret «011».

Artikkel 5

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 19. juli 1999.

For Kommisjonen

Ritt BJERREGAARD

Medlem av Kommisjonen

—

VEDLEGG

For at eit produkt i den produktgruppa som er definert i artikkel 1, skal kunne tildelast miljømerket, må det støtte kriteria i dette vedlegget på grunnlag av prøving som på tidspunktet for søknaden er gjennomført slik det er gjort greie for i kriteria. Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar dersom det ansvarlege organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode. Dersom det ikkje er nemnt noka prøving, eller dersom prøvinga skal gjennomførast for kontroll- eller tilsynsføremål, bør dei ansvarlege organa leggje til grunn fråsegner og dokumentasjon frå søkjaren og/eller resultat av uavhengige kontrollar.

Dei ansvarlege organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøforvaltingsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike forvaltingsordningar).

Kriteria skal føre til

- mindre utslepp i vatn av visse giftige eller på andre måtar ureinande stoff,
- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av energiforbruk (global oppvarming, forsuring, utarming av ressursar som ikkje kan fornyast) ved at energiforbruket og dermed utsleppa i lufta på grunn av dette vert mindre,
- mindre skade på eller fare for miljøet som følgje av bruk av farlege kjemikalier,
- at det vert nytta prinsipp for berekraftig forvaltning for å verne skogane.

Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av papir som er framstilt av attvunne fibrar, av nye fibrar eller av ei blanding av attvunne og nye fibrar ved hjelp av teknikkar som svarar til dei strengaste miljøstandardane.

MILJØKRITERIUM

1. Utslepp i vatn

Dei samla utsleppa i vatn i samband med framstillinga, etter handsaming (i eller utanfor anlegget), av produktet skal svare til summen av utsleppa frå dei ulike stadia i produksjonen av papirmasse og papir og skal ikkje overstige

- 30 kg kjemisk oksygenforbruk (KOF) per tonn framstilt papir.
KOF skal målast etter standarden ISO 6060 eller tilsvarende standardar,
- 0,30 kg adsorberbare organiske halogen (AOX, uttrykt som Cl) per tonn framstilt papir. Innhaldet av AOX (uttrykt som Cl) i utslepp frå kvart einskilt produksjonsanlegg for papirmasse skal ikkje overstige 0,50 kg per tonn lufttørka papirmasse.
AOX skal målast etter standarden ISO 9562 eller tilsvarende standardar. Det krevst ingen målingar dersom det ikkje vert nytta klorerte bleikjemiddel,

Det skal gjevast opplysningar om vassforbruket på dei ulike stadia av produksjonsprosessen per tonn framstilt papirmasse og papir. (NB: Opplysningane er naudsynte for å kunne rekne ut mengda og konsentrasjonane av ureinande stoff i spillvatn).

2. Utslepp i lufta

Dei samla utsleppa i lufta i samband med framstillinga av produktet skal svare til summen av utsleppa frå dei ulike stadia i produksjonen av papirmasse og papir og skal ikkje overstige

- 1,5 kg svovelsambindingar (uttrykt som S) per tonn framstilt papir. Det treng ikkje gjerast greie for utslepp frå produksjon av elektrisitet,
- 3,0 kg nitrogenoksid (NO_x, uttrykt som NO₂-ekvivalentar) per tonn framstilt papir. Det treng ikkje gjerast greie for utslepp frå produksjon av elektrisitet,
- 1 500 kg karbondioksid frå energikjelder som ikkje kan fornyast, per tonn framstilt papir, medrekna utslepp frå produksjon av elektrisitet (i eller utanfor anlegget).

3. Energiforbruk

Det samla energiforbruket i samband med framstillinga av produktet skal svare til summen av den energien som er nytta på dei ulike stadia i produksjonen av papirmasse og papir, og skal ikkje overstige

- 26 GJ varmeenergi per tonn framstilt papir,
- 7 GJ elektrisitet (1 940 kWh) per tonn framstilt papir.

Søkjaren skal rekne ut kor mykje energi som vert nytta (varme, brensel, elektrisitet) til produksjonen av papirmasse og papir; medrekna den energien som vert nytta ved fjerning av trykksverte frå papiravfall med sikte på produksjon av attvunne papir.

Den samla vareenergien omfattar alt innkjøpt brensel, bortsett frå brensel som vert nytta til eigen produksjon av elektrisitet. Han omfattar òg varmeenergi som er attvunnen ved forbrenning av avlut og avfall frå produksjonen i anlegget (t.d. treavfall, sagflis, avlut, papiravfall, vrakpapir), og varmeenergi som er attvunnen frå eigen produksjon av elektrisitet. Når den samla varmeenergien skal reknast ut, treng søkjaren likevel berre rekne med 80 % av varmeenergien frå slike kjelder.

Elektrisk kraft tyder nettotilførsel av elektrisitet frå nettet og eigen produksjon av elektrisitet målt som elektrisk kraft. Det treng ikkje gjerast greie for elektrisitet som vert nytta til handsaming av spillvatn.

4. Fibrar – berekraftig skogsforvaltning

Det kan nyttast trefibrar, attvunne fibrar eller fibrar frå andre materiale.

Dersom det vert nytta nye trefibrar frå skogar, skal dei som er ansvarlege for forvaltninga skogane der fibrane kjem frå, nytte prinsipp og tiltak som gjer det mogleg å tryggje ei berekraftig skogsforvaltning. Dei ansvarlege og/eller papirmasseprodusentane skal leggje fram ei fråsegn, eit dokument, eit regelverk, ein attest eller ei stadfesting som prov på dette.

I Europa skal dei førnemnde prinsippa og tiltaka svare til dei felleseuropeiske retningslinjene for berekraftig skogsforvaltning som vart vedtekne under ministerkonferansen i Lisboa om vern av skogane i Europa (2.-4. juni 1998). Utanfor Europa skal dei svare til dei prinsippa for skogsforvaltning som vart vedtekne under konferansen til Dei sameinte nasjonane om miljø og utvikling (UNCED) (Rio de Janeiro, juni 1992), og eventuelt til dei kriteria eller retningslinjene for berekraftig skogsforvaltning som er vedtekne innanfor ramma av internasjonale og regionale initiativ (Den internasjonale organisasjonen for tropisk tømmer (ITTO), Montreal-prosessen, Tarapoto-prosessen, UNEP-/FAO-initiativet for tørre område i Afrika).

5. Farlege kjemikaliar

Klorgass skal ikkje nyttast som bleikjemiddel. Dette kravet gjeld ikkje for klorgass som vert nytta i samband med produksjon og bruk av klordioksid. (NB: *Sjølv om dette kravet òg gjeld for bleiking av attvunne fibrar, vert det godekte at fibrane kan ha vore bleikte med klorgass i den førre livssyklusen sin.*)

Ved papirproduksjon kan det tilførast høgst 0,1 vektprosent kjemikaliar som er klassifiserte som farlege for miljøet og tildelte risikoseiningane R50 og R53, i samsvar med rådsdirektiv 67/548/EØF⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 98/98/EF⁽²⁾.

6. Avfallshandtering

Alle produsentar av papirmasse og kopieringspapir skal ha ei ordning for handsaming av avfall⁽³⁾ og restprodukt frå produksjonsanlegga. Ordninga skal dokumenterast eller gjerast greie for i søknaden og minst innehalde opplysningar på følgjande punkt:

- framgangsmåtar for sortering og bruk av materiale frå avfallsstraumen som kan attvinnast,
- framgangsmåtar for attvinning av materiale til annan bruk, t.d. forbrenning for å skaffe damp til produksjonsprosessen eller bruk til landbruksføremål,
- framgangsmåtar for handsaming av farleg avfall⁽³⁾.

DUGLEIK

Produktet skal vere eigna til den påtenkte bruken.

FORBRUKARINFORMASJON

Primær- og sekundæremballasjen til produktet skal vere påførde følgjande opplysningar:

«Dette produktet er tildelt fællesskapsmiljømerket fordi det stettar krav som m.a. fører til at utsleppa i vatn (KOF, AOX) og i lufta (S, NO_x, CO₂), energiforbruket og bruken av fossilt brensel vert mindre.

Brukt papir bør samlast inn til attvinning.»

Produsenten kan dessutan i prosent opplyse om minsteinnhaldet av attvunne fibrar.

(1) TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1.

(2) TEF L 355 av 30.12.1998, s. 1.

(3) Slik det er fastlagt av dei reguleringsstyresmaktene som er ansvarlege for dei aktuelle produksjonsanlegga for papirmasse og papir.

*Teknisk tillegg***DEFINISJONAR, PRØVINGSKRAV OG DOKUMENTASJON****Utsleppsparametrar**

Målingane eller massebalansen skal ta utgangspunkt i produksjonen i eit tidsrom på tolv månader. Dersom det dreier seg om eit nytt eller ombygd produksjonsanlegg, skal målingane ta utgangspunkt i minst 45 etterfølgjande dagar med stabil drift av anlegget. Målingane skal vere representative for det aktuelle tidsrommet.

Dersom eit produkt er framstilt av ulike papirmassekvalitetar, skal utsleppsverdiane for produksjonen av papirmasse reknast ut som vegne gjennomsnitt av all papirmasse som er nytta. Den totale utsleppsverdien skal reknast ut ved å leggje saman utsleppa frå produksjonen av papirmasse og utsleppa frå produksjonen av kopieringspapir.

Målingane skal utførast av godkjende laboratorium eller uavhengige prøvingsinstitut etter standarden EN 45001. Laboratoriet til papirmasse- eller papirprodusenten kan likevel få gjere analysar av utslepp dersom éitt av dei følgjande vilkåra er stetta:

- dei rette reguleringsstyresmaktene har godkjent den prøvetakinga og dei målingane som laboratoriet utfører, eller
- produsenten har eit kvalitetssikringssystem som er sertifisert etter standardane ISO 9001 eller 9002, og som omfattar overvaking av prøvetaking og analysar, eller
- laboratoriet er offentleg godkjent fordi det stettar krava til god laboratoriepraksis.

Målingar av utslepp i vatn skal gjerast på prøver som ikkje er filtrerte og ikkje dannar botnfall, anten etter handsaming i anlegget eller etter handsaming ved eit offentleg reinseanlegg.

AOX

AOX skal målast under prosessar der det vert nytta klorsambindingar til bleiking av papirmassen. Følgjeleg er det ikkje naudsynt å måle AOX

- i spillvatn frå ikkje-integrert papirproduksjon eller
- i spillvatn frå papirmasseproduksjon utan bleiking eller
- når bleikinga vert gjord med klorfrie stoff.

Svovel og nitrogenoksid

Søkjaren skal leggje fram ei oversikt over utsleppa av svovel og nitrogenoksid i lufta. Oversikta skal omfatte alle slike utslepp som skjer under produksjonen av papirmasse og papir, bortsett frå utslepp i samband med produksjon av elektrisitet. Målingane skal femne om attvinningskjelar, kalkomnar, dampkjelar og destruksjonsomnar for gassar med sterk lukt, dersom slike finst. Det skal gjerast greie for diffuse utslepp.

Karbondioksid

Søkjaren skal leggje fram ei oversikt over utsleppa av karbondioksid i lufta. Oversikta skal omfatte alt brensel som ikkje kan fornyast, og som vert nytta i produksjonen av papirmasse og papir (i eller utanfor anlegget). Utsleppsfaktorane i tabell 1 skal nyttast ved utrekninga av CO₂-utslepp som stammar frå brensel.

Tabell 1

CO₂-ekvivalentar for brensel som ikkje kan fornyast

Brensel	CO ₂ -utslepp	Eining
Kol	95	g CO ₂ /MJ
Råolje	73	g CO ₂ /MJ
Brennolje 1	74	g CO ₂ /MJ
Brennolje 2-5	77	g CO ₂ /MJ
Bensin	69	g CO ₂ /MJ
Naturgass	56	g CO ₂ /MJ
Elektrisitet frå nettet ⁽¹⁾	400	g CO ₂ /kWh

⁽¹⁾ Europeisk gjennomsnitt

For elektrisitet frå nettet skal verdien i tabellen nyttast for alle anlegg i Den europeiske unionen. For anlegg utanfor Den europeiske unionen kan søkjarar leggje fram dokumentasjon som syner gjennomsnittsverdien for elektrisitetsleverandøren eller -leverandørane deira, og nytte denne gjennomsnittsverdien i staden for den verdien som er førd opp i tabellen.

Farlege kjemiske sambindingar

Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn frå kvar leverandør av papirmasse som stadfestar at det ikkje er nytta klorogass til bleiking av papirmassen.

Søkjaren skal leggje fram ei liste over kjemikaliar som vert nytta i papirproduksjonen. Lista skal innehalde varenamnet til produktet, bruksområdet og namnet til leverandøren. I tillegg til lista skal det leggjast ved ei fråsegn med følgjande ordlyd: «Ved papirproduksjonen er det tilført høgst 0,1 vektprosent kjemikaliar som er klassifiserte som farlege for miljøet og tildelte risikoseiningane R50 og R53, i samsvar med rådsdirektiv 67/548/EØF⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 98/98/EF⁽²⁾». Dette kravet omfattar ikkje produksjon av papirmasse.

Avfallshandtering

Søkjaren skal leggje fram eit dokument der det er gjort greie for framgangsmåtane for handtering av avfall og reststoff frå dei ulike stadia i produksjonen av papirmasse og papir, i samsvar med dei førnemnde krava.

Dugleik

Søkjaren skal leggje fram prov på at produktet er eigna til den påtenkte bruken. Slike prov kan omfatte resultat frå prøving som er utført etter passande ISO- eller CEN-prøvingmetodar eller etter nasjonale eller anleggsinterne prøvingmetodar. Nærmare opplysningar om framgangsmåtane for prøvinga skal leggjast ved søknaden.

⁽¹⁾ TEF L 196 av 16.8.1967, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 355 av 30.12.1998, s. 1.